



1

# Overordna beredskapsplan

## Administrativ del

Skildring av korleis beredskapen er organisert, samordna og dokumentert, samt kva prinsipp, prioriteringar og metodar som skal vera førande for organiseringa av beredskap og utøving av beredskapsleiing i kommunen.

2. november 2018

Rådmannen

## Forord

Beredskapsdokumenta i Bømlo kommune har gjennomgått ei versjonsendring<sup>1</sup> i 2018.

Bømlo kommune har fått innsyn i, og fått lov å gjera seg nytt av Bergen kommune sitt beredskapsplanverk, noko som har vore til hjelp, og gjort rådmannen trygg på at Bømlo kommune sitt oppdaterte beredskapsplanverk er eit godt arbeidsreiskap når det oppstår beredskapssituasjonar.

Beredskapsdokument ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, og er dermed tilgjengeleg for alle tilsette. Å vera kjende med kva ein skal gjera – både som førebyggjande tiltak og skadeavgrensande tiltak er i seg sjølv positivt i forhold til beredskap og samfunnstryggleik. Aktivt bruk av avvikssystemet, der avvik relatert til beredskap og/eller samfunnstryggleik, kan ha positive konsekvensar for beredskapsverdiane; menneske sitt liv/helse, ytre miljø, økonomiske verdiar, omdømmet.

*Overordna beredskapsplan - administrativ del* er politisk vedteken og ligg på kommunen si nettside, i tillegg til i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.

Geir E. Aga  
Rådmann

| <b>Endringslogg</b> |                       |  |
|---------------------|-----------------------|--|
| Dato nytt dok.      | Erstattar dokument av | Merknad                                    |
| 02.11.2018          | 2012                  | Dokumentet er nytt i oppbygning og innhald |
|                     |                       |  |
|                     |                       |  |

<sup>1</sup> Versjonsendring: Omfattande endringar i planen

# Innholdsliste:

|          |   |           |
|----------|---|-----------|
| <b>1</b> | <b>Formål og virkeområde for planen .....</b>   | <b>5</b>  |
| 1.1      | Formål .....  | 5         |
| 1.2      | Virkeområde.....  | 5         |
| <b>2</b> | <b>Krisefullmakt .....</b>  | <b>6</b>  |
| <b>3</b> | <b>Beredskapsorganisasjonen Bømlo kommune.....</b>  | <b>7</b>  |
| 3.1      | Kommunikasjonkanalar i beredskapssituasjon.....   | 8         |
| 3.1.1    | Beredskapstelefon i kommunen .....  | 8         |
| 3.1.2    | Satellitt-telefon .....   | 8         |
| 3.1.3    | Nødnett.....  | 8         |
| 3.1.4    | Befolkningsvarsling og intern gruppevarsling .....  | 8         |
| 3.1.5    | Tovegs kommunikasjon via mobil i grunnskulane .....                                       | 9         |
| 3.1.6    | Andre typar samband .....   | 9         |
| 3.1.6.1  | Maritim VHF .....   | 9         |
| 3.1.6.2  | Radioamatørtenesta .....  | 9         |
| 3.1.6.3  | Reservesamband.....   | 9         |
| 3.2      | Kommunal kriseleiing (KKL) - kommunen si strategiske kriseleiing .....                    | 9         |
| 3.2.1    | Ordførar .....  | 10        |
| 3.2.2    | Operasjonell krisestab .....  | 10        |
| 3.2.2.1  | Anna organisering av operasjonell krisestab .....   | 11        |
| 3.2.3    | Støttefunksjonar til strategisk og/eller operasjonell krisestab .....                     | 11        |
| 3.3      | Taktisk nivå .....  | 11        |
| 3.3.1    | Kommunen sin leiar på taktiske nivå .....   | 11        |
| 3.3.2    | Taktisk nivå ved beredskapshending som skjer utanom kommunal verksemd .....               | 12        |
| 3.4      | Intern organisering.....  | 12        |
| <b>4</b> | <b>Beredskapsdokument .....</b>   | <b>13</b> |
| 4.1      | Overordna beredskapsplan – administrativ del (1).....                                     | 13        |
| 4.2      | Operative beredskapsplanar .....  | 13        |
| 4.2.1    | Beredskapsplan for kommunal kriseleiing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab ..... | 14        |
| 4.2.2    | Taktisk beredskapsplan.....   | 14        |
| 4.2.3    | Kontakt detaljar (varslingslister ) for beredskap.....                                    | 14        |
| 4.3      | Temaspesifikke beredskapsplanar .....   | 15        |
| 4.3.1    | Evakueringsplan .....   | 15        |
| 4.3.2    | Informasjonsplan .....  | 15        |
| 4.3.3    | Øvrige temaspesifikke beredskapsplanar .....  | 15        |
| 4.3.3.1  | Beredskapsplan for tryggleik på rådhuset.....   | 15        |
| 4.3.3.2  | Beredskapsplan for Bømlo brann og redning .....   | 15        |
| 4.3.3.3  | Beredskapsplan for akutt foreining .....  | 15        |
| 4.3.3.4  | Beredskapsplan IT.....  | 16        |
| 4.3.3.5  | Beredskapsplan for personell- og befolkningsivaretaking .....                             | 16        |
| 4.3.3.6  | Beredskapsplan for helsetjenester .....   | 16        |
| 4.3.3.7  | Beredskapsplan for radioaktivitet .....   | 16        |
| 4.3.3.8  | Beredskapsplan for vatn og avløp.....   | 16        |
| 4.3.3.9  | Beredskapsplan for straumforsyning .....  | 16        |

|          |   |           |
|----------|---|-----------|
| 4.4      | Ansvar for utarbeiding, revisjon og øving av beredskapsplanane .....                  | 16        |
| 4.5      | Illustrasjon av beredskapsplans-hierarkiet .....                                      | 17        |
| 4.6      | Risiko- og sårbarhetsanalyse som grunnlag for beredskapsplanar .....                  | 18        |
| <b>5</b> | <b>Prinsipp, prioriteringer og metode .....</b>                                       | <b>19</b> |
| 5.1      | Dei nasjonale beredskapsprinsippa.....  | 19        |
| 5.1.1    | Likskapsprinsippet .....  | 19        |
| 5.1.2    | Ansvarsprinsippet .....   | 19        |
| 5.1.3    | Nærleiksprinsippet .....  | 19        |
| 5.1.4    | Samvirkeprinsippet .....  | 20        |
| 5.2      | Beredskapsverdiene .....  | 20        |
| 5.2.1    | Menneske .....  | 20        |
| 5.2.2    | Ytre miljø .....  | 21        |
| 5.2.3    | Økonomiske verdier.....   | 21        |
| 5.2.4    | Omdømme.....  | 21        |
| 5.3      | Proaktiv stabsmetodikk.....   | 21        |
| 5.4      | Dei proaktive prinsippa .....   | 22        |
| 5.4.1    | Sikker usikkerheits-prinsippet.....   | 22        |
| 5.4.2    | Moderat overreaksjons-prinsippet .....  | 22        |
| 5.4.3    | Første informasjons-prinsippet .....  | 22        |
| <b>6</b> | <b>Kompetansekrav og vedlikeholdstrening .....</b>                                    | <b>23</b> |
| 6.1      | Kompetanseutviklings- og øvingsplan .....   | 23        |
| 6.1.1    | Øvingsplan .....  | 23        |
| 6.1.2    | Øvingsmål .....   | 23        |
| 6.1.3    | Evaluering .....  | 23        |
| 6.2      | Kompetansekrav og opplæring .....   | 24        |
| 6.3      | Vedlikeholdstrening og øving.....   | 24        |
| 6.3.1    | Etter øvingar .....   | 25        |
| 6.4      | Etter reelle hendingar .....  | 25        |
| <b>7</b> | <b>Krav til utforming og revisjon av overordna administrativ beredskapsplan .....</b> | <b>26</b> |
| 7.1      | Dokumentstyring.....  | 26        |
| 7.1.1    | Ved revisjon eller versjonsendring av overordna beredskapsplanverk .....              | 26        |
|          | <b>Vedlegg 1: Omgrepsliste med definisjonar .....</b>                                 | <b>27</b> |

# 1 Formål og virkeområde for planen

## 1.1 Formål

*Overordna beredskapsplan - administrativ del* skildrar korleis beredskapen i Bømlo kommune er organisert, samordna og dokumentert. Planen skildrar i tillegg kva prinsipp, prioriteringar og metodar som skal vera førande for organiseringa av beredskap og utøving av beredskapsleiing i kommunen.

Planen er ein administrativ plan som, saman dei operative beredskapsplanane omtala i dokumentet, skal imøtekomma dei krav til overordna beredskapsplan som kjem fram i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

## 1.2 Virkeområde

*Overordna beredskapsplan - administrativ del* skal vera ein administrativ del av dei operative overordna beredskapsplanar som gjeld Bømlo kommune, er verksemdsovergrepande og gjeld for alle nivå i den kommunale organisasjonen.

## 2 Krisefullmakt

Reglement for politiske organ – delegering, vedteke av kommunestyret 05.12.2016, sak 126/16, beskriv ordføraren sin delegering i krisesituasjonar:

### «5. Ordføraren

#### 5.1. Delegering i krisesituasjonar

1. *I krisesituasjonar skal ordføraren - når det ikkje er tid til eller praktisk å kalla inn formannskapet - ha fullmakt til å gjera nødvendige vedtak på vegne av kommunen, her medrekna fullmakt til å bruka kommunale midlar.*
2. *Når det er nødvendig kan ordføraren i slike situasjonar fråvika gjeldande reglar for kommunale vedtak. Vedtaka skal likevel skrivast ned og journalførast så snart dette er praktisk mogeleg.*
3. *Før ordføraren gjer vedtak, bør han – når det er tid til det og beredskapsrådet er samla - drøfta saka med rådet.»*

Det er for å kunne handtera beredskapssituasjonar effektivt og forsvarleg at ordføraren, som del av kommunal kriseleiing, er gitt fullmakter når det gjeld handsaming av beredskapssituasjonar som rammer eller berører kommunen.

I krisefullmakta ligg mynde til å mobilisera og nytta alle ressursar i, eller som er tilgjengelege for kommunen, uavhengig av tilhørgheit eller organisatorisk plassering i den daglege driftsorganisasjonen.

Bømlo kommune har organisert ei kommunal kriseleiing og ein beredskapsorganisasjon for å kunne handsama ekstraordinære hendingar og situasjonar som ikkje like effektivt kan handsamast av den daglege driftsorganisasjonen.

Det er kommunal kriseleideing (KKL) som besluttar når ei hending, situasjon eller tilstand er så alvorleg og / eller påvirker kommunen på ein slik måte at kommunal kriseleiing og beredskapsorganisasjonen må mobiliserast for å handtera den oppståtte beredskapssituasjonen.

Kommunal kriseleiing skal så snart det er forsvarleg, og så tidleg som mogleg, overføra handteringa og den vidare oppfølginga av beredskapssituasjonen til den daglege driftsorganisasjonen, herunder demobilisera beredskapsorganisasjonen og den kommunale kriseleiinga.

### 3 Beredskapsorganisasjonen Bømlo kommune

Kommunestyret har beslutta korleis kriseleiinga og beredskapsorganisasjonen i kommunen skal vera organisert – dette gjennom kommunestyrevedtak av Bømlo kommune sin *Overordna beredskapsplan – administrativ del*.

Beredskapsorganisasjonen i Bømlo kommune skal vera funksjonsavhengig og ikkje personavhengig, noko som krev forsvarleg opplæring av alle personar som skal bekle dei ulike funksjonane.

Beredskapsorganisasjonen består av tre nivå som har ulike ansvarsområde og oppgåver:

- Strategisk nivå representerar kommunen si øvste politiske og administrative leiing; ordførar og strategisk leiargruppe.  
Det strategiske nivået skal primært ivareta kommunen sine overordna interesser, herunder sikra driftskontinuitet og ivareta kommunen sitt omdømme. Dette for mest mogleg lik organisering i vanleg drift som i beredskapssituasjon.
- Operasjonell krisestab kan bli aktivert, når rådmannen eller kommunal kriseleiing finn dette naudsynt, ved svært alvorlege, store eller komplekse beredskapssituasjonar som rammar kommunen. Når krisestab ikkje er mobilisert vert krisestaben sine oppgåver ivaretatt av strategisk nivå.
- Taktisk nivå er den kommunale verksemda som er ramma av ei beredskapshending eller dei representantar kommunen disponerar på ein eksternt innsatsstad.

I tillegg kjem støttefunksjonar til strategisk nivå og/eller operasjonell krisestab, som vert kalla inn alt etter kva situasjonen krev. Med støttefunksjonar er meint rådgjevarar i rådmannen sin stab og/eller personar som innehar kompetanse på spesielle fagfelt.



## 3.1 Kommunikasjonkanalar i beredskapssituasjon

### 3.1.1 Beredskapstelefon i kommunen

Bømlo kommune har èitt telefonnummer for beredskap: 53 42 93 00.

Dette er ein ISDN telefon, som er kopla til det gamle telenettet til Telenor og er uavhengig når det oppstår problem med Telenor si fiber linje. Linja er uavhengig av hussentralen.

Alle krise- og beredskapshendelser i kommunen skal varslast til dette nummeret, uavhengig av kvar og i kva del av organisasjonen dei skjer, og sjølv om beredskapshendingar allereie er varsla til nødetatane. Nødetatane og Fylkesmannen i Hordaland har fått oppgitt dette nummeret, og nummeret er også opplyst på kommunen sine nettsider.

### 3.1.2 Satellitt-telefon

Satellitt-telefon har dekning når telefonen har signal frå satellittar. Satellittar har den fordel at dei gir dekning utover GSM, fasttelefoni og andre mobile breiband, noko som gir tryggleik og tilgjenge. Frå satellitt-telefonar er det mogleg å ringa til abonnentar i det offentlege telenettet og til radioterminalar som er innanfor dekning av nødnettet sin infrastruktur.

Kommunen har 1 stk satellitt-telefon.

### 3.1.3 Nødnett

Nødnett er eit landsdekkjande samband for politi, brannvesen, helsetenesta og andre aktørar med nød- og beredskapsansvar. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har i 2018 iverksett eit løft for at andre samvirkeaktørarar kan ta i bruk Nødnett, og Regjeringa har beslutta kriteria for kva organisasjonar som, etter søknad, kan få kjøpa Nødnett.

Nødnett er eit lukka og avlyttingssikkert radionett, der kvar aktør får tilgang til spesifikke felles talegrupper på tvers av organisatoriske og geografiske grenser, samt internt i eige organisasjon i førehandsdefinerte talegrupper. Bruken av Nødnett er regulert av ymse prosedyrar og sambandsreglement, samt at alle som skal nytta Nødnett må gjennomgå kurs. Bømlo kommune har kjøpt 3 nødnett-terminalar og har fått tilgang til t.d. talegrupper for beredskap, Fylkesmannen sine talegrupper, samvirke-talegrupper og interne talegrupper for kommunen.

Legane i Bømlo har eigne nødnett-terminalar, og det same har mannskapa i Bømlo Brann og Redning.

### 3.1.4 Befolkningsvarsling og intern gruppevarsling

Kommunen har eit program for å kunne varsla internt i kommunen til personar eller gruppe som er lagt inn i ei liste. Same program kan også nyttast til å varsla befolkninga, anten ved å merka eit område i kart eller merka ein skilde bygg. Varsel kan sendast som sms (anten berre som ein vanleg sms eller ein sms som skal besvarast), og/eller som talemelding til mobiltelefon og/eller som talemelding til fasttelefon.

Befolkningsvarslinga er adressebasert. Dette vil seia at det er berre er telefonar som er registrert på adresse for det utvalde området som vil få melding. Det kan kjøpast ei oppgradering til dette programmet slik at alle telefonar som oppheld seg i området som er vald for varsling vil motta melding.



### 3.1.5 Tovegs kommunikasjon via mobil i grunnskulane

Grunnskulane i Bømlo har tovegskommunikasjon mellom skule og føresette. I ungdomsskulen kan også elevar kommunisera med skulen, i tillegg til føresette.

### 3.1.6 Andre typar samband

#### 3.1.6.1 Maritim VHF

Samband for leiing og koordinering ved sjøredning skal gå føre seg på maritim VHF. Alle yrkesfartøy i Norge har krav om maritim VHF-radio om bord og lytteplikt på kanalane 16 og 70, noko som også gjeld politi-, brann- og ambulansébåtar. Alle fartøy som har VHF-radio om bord, har også lytteplikt på kanal 16.

#### 3.1.6.2 Radioamatørtenesta

Radioamatørtenesta disponerer ei rekkje frekvensband som gjer det mogleg å kommunisera over ein kvar distanse og under stort sett alle forhold. Denne kapasiteten er det hensiktsmessig å nytta som reserve- eller avlastningssamband under større hendingar og ved hendingar der ein kan forventa dårleg dekning for Nødnett.

#### 3.1.6.3 Reservesamband

Einskilde nødetatar og friviljuge organisasjonar har behalde heile eller delar av dei tidlegare radiosambanda sine som supplement eller reservesamband for Nødnett. Sivilforsvaret har behalde gammalt VHF-utstyr og kan bistå med å etablera samband på denne plattformen, både med handsett og mobile sambandsrepearatar, dersom Nødnett sviktar i eit område.

## 3.2 Kommunal kriseleiing (KKL) - kommunen si strategiske kriseleiing

Bømlo kommune si overordna beredskapsleiing er organisert på det strategiske nivå med bakgrunn i at dei fleste beredskapssituasjonar som rammar eller som berørar kommunen primært treng strategiske ressurser, samstundes som det strategiske nivå i dei fleste beredskapssituasjonar sjølv kan ivareta dei operasjonelle oppgåvene på ein tilfredsstillande måte.

Når den strategiske nivå mobiliserar, vert denne kalla kommunal kriseleiing (KKL). KKL består av rådmannen si strategiske leiargruppe, supplert med ordførar, slik at kommunen si øvste administrative og politiske leiing er representert.

KKL er leia av rådmannen, som er den som besluttar aktivering av KKL. Kommunal kriseleiing kan mobiliserast redusert dersom det åpenbart ikkje er behov for einskilde funksjonar, eller KKL kan mobiliserast forsterka med leiarar frå relevante fagområde og/eller andre ressurspersonar og/eller rådgjevarar frå rådmannen sin stab, alt tilpassa potensialet i den beredskapssituasjon som skal handterast. Dersom nokon i strategisk leiargruppe ikkje kan møte, vil andre i leiargruppa overta oppgåver som denne funksjonen har.

Leiar av KKL kan utnemna ein representant frå kommunen til innsatsområdet, kalla liason, slik at det vert enklare for KKL å få eit situasjonsbilde direkte frå skadestaden, samstundes som det vert ein kortare kommunikasjonsveg mellom KKL og leiinga i innsatsområdet.

I einiskilde hendingar kan det vera aktuelt å ha ein liason frå eksterne samarbeidspartnarar knytt til KKL, for på den måten å ha ein meir direkte og kortare kommunikasjonsveg mellom KKL og aktuell ekstern verksemd.

I langvarige beredskapssituasjonar må det vurderast om det er naudsynt å etablera fleire skift i kriseleiinga. Rådmann, i samråd med resten av KKL, vil setja opp vaktplan. Eit skift bør normalt ikkje vara lenger enn 8 timar.

Når kommunal kriseleiing vert mobilisert må det framgå av innkallinga kva som er møtestad, då møtestad vert vald ut frå kva som er formålstenleg i forhold til beredskapssituasjonen. Funksjonane i KKL skal mobiliserast så raskt som mogleg.

Ordførar og/eller rådmann informerar kommunestyret ved behov.

Det er primært ordførar som uttalar seg til pressa, sekundært er det rådmann som gjer slik uttale.

### 3.2.1 Ordførar

Ordførar er på vegne av kommunestyret del av kommunal kriseleiing (KKL), som er det strategiske nivået i beredskapsorganisasjonen.

Delegering i krisesituasjonar er gitt til ordføraren frå kommunestyret, sjå *kapittel 2 Krisefullmakten* i dette dokumentet.

### 3.2.2 Operasjonell krisestab

Nokre beredskapssituasjonar vil vera så alvorlege, store eller komplekse at kommunal kriseleiing (KKL) ikkje sjølv kan ivareta dei operasjonelle oppgåvene, i tillegg til sine primære strategiske oppgåver med å ivareta kommunen sine overordna interesser, herunder kontinuitetsdrift og ivaretaking av omdømmet. KKL vil då kunne mobilisera operasjonell krisestab.

Krisestaben vil vera eit bindeledd mellom det strategiske og det taktiske nivået.

Kommunal kriseleiing (KKL) besluttar om krisestab skal mobiliserast. Alt etter kva beredskapssituasjonen er, vil KKL i samråd med leiar krisestaben mobilisera relevant personell. Døme på personell: leiarnivå 2, rådgjevarar, fellesekretariat, personalavdeling, teknisk avdeling, teknisk drift.

Når krisestaben er mobilisert, er det leiar av krisestab som vil organisera stabsmedlemmane på ein slik måte at krisestaben løyser operasjonelle oppgåver.

Ettersom det sjeldan vil vera trong for å mobilisera krisestaben, er det ikkje kostnadseffektivt å ha vaktordning. Det vil vera ein fast leiar av krisestab, som er kjend med oppgåvene krisestaben kan få.

Når krisestab vert mobilisert, må det gå klart fram kvar ein skal møta. Mobiliseringsstad vert beslutta alt etter kva som er mest formålstenleg ut frå beredskapssituasjonen.

Funksjonane i krisestab har ikkje mobiliseringstid, men skal mobilisera så fort som mogleg.

Ved langvarige beredskapssituasjonar bør det vurderast om det er naudsynt å etablera fleire skift i krisestaben. Eit skift bør normalt ikkje vara lenger enn 8 timar.

### 3.2.2.1 Anna organisering av operasjonell krisestab

Ved mindre beredskapshendingar, der potensialet ikkje vert vurdert som så stort at det vil være naudsynt å mobilisera den operasjonelle krisestaben, vil KKL sjølv ivareta dei operasjonelle arbeidsoppgåvene.

I nokre situasjonar vil det ikkje vera naudsynt å mobilisera anna enn einskildpersonar frå krisestaben, slik at KKL med denne forsterkinga sjølv vil kunne handtera dei operasjonelle arbeidsoppgåvene, parallelt med dei strategiske.

I einskilde særeigne og fagspesifikke beredskapssituasjonar, vil det kunne vera aktuelt å la ein seksjon fungera som krisestab, utan at andre enn leiaren frå operasjonelle krisestaben vert mobilisert. Dette vil særleg vera i tilfelle der responsen og handteringen ikkje er akutt, og der alle aktuelle taktiske ressursar tilhøyrar ein og same seksjon.

### 3.2.3 Støttefunksjonar til strategisk og/eller operasjonell krisestab

Alt etter kva beredskapssituasjon som oppstår, kan det vera aktuelt for strategisk nivå å kalla inn støttefunksjonar for å hjelpa kommunal kriseleiing i deira vurderingar. Dette kan vera personar med spesifikk kompetanse på einskilde område, rådgjevarar eller andre.

Også for krisestab kan det vera aktuelt å kalla inn støttefunksjonar med spesialkompetanse, for på best mogleg måte å handtera gjeldande beredskapssituasjon.

## 3.3 Taktisk nivå

Taktisk nivå kan vera

- a) ei kommunal verksemd som er ramma av ei beredskapshending eller
- b) ei beredskapshending som skjer ein stad i kommunen, som ikkje er kommunal verksemd, t.d. i ein privat bedrift.

### 3.3.1 Kommunen sin leiar på taktiske nivå

Dersom det skjer ei beredskapshending i ei kommunal verksemd, er det verksemdsleiar som automatisk vert kommunen sin leiar på taktiske nivå.

Ei kommunal verksemd der det skjer ei beredskapshending vert karakterisert som eit innsatsområde og vert kalla taktisk nivå. Den som representerer den kommunale verksemda er kommunen sin leiar på taktisk nivå og den som rapporterar anten til operasjonell krisestab eller direkte til kommunal kriseleiing (KKL). Kven den kommunale taktiske leiaren skal rapportera til, vil tydeleg gå fram av informasjon frå KKL eller operasjonell krisestab.

Dersom det er fleire verksemder som er ramma eller berørt av same beredskapshending, og det er fleire samtidige hendingsstader, vil det vera fleire kommunale leiarar på taktisk nivå som er i innsats parallelt.

På ein hendingsstad der fleire kommunale verksemder yt innsats saman, skal det oppnemnast ein kommunal leiar på taktisk nivå som koordinerar all kommunal innsats på staden, og som rapporterar samla til

krisestaben, eller direkte til kommunal kriseleiing (KKL) dersom operasjonelt nivå ikkje er mobilisert. Dersom verksemdene ikkje kan verta samde om kven som skal vera kommunen sin leiar på taktisk nivå på staden, så vert denne oppnemnd av leiar i KKL. Den som er kommunen sin taktiske leiar kan, dersom det er praktisk mogleg og det ikkje kjem liason frå kommunen, opptre som kommunen sin representant overfor eventuelle nødetater eller andre organisasjonar som yt innsats på staden.

### 3.3.2 Taktisk nivå ved beredskapshending som skjer utanom kommunal verksemd

Dersom det skjer ei beredskapshending ein stad i kommunen som ikkje er kommunal verksemd, vil ikkje kommunal leiing automatisk verta involvert. Nødetatane vil med stort sannsyn vera til stades, og vil då oppretta ILKO (innsatsleiar sin kommandoplass) med innsatsleiar politiet som leiar og med innsatsleiarar frå hhv. brann og helse med seg i ILKO. Sannsynlegvis vil ulukkeseigar ha ein representant tilgjengeleg for ILKO. Dersom hendinga er av ein slik art at kommunen vert involvert, så kan kommunen senda ein representant (liason) til ILKO, for på den måten at det vert kortare og enklare rapporteringsveg mellom ILKO og kommunal kriseleiing. Innsatsstaden vert det taktiske nivået i hendinga.

Uanhengig av om nødetatar er involvert i hendinga, vil ulukkeseigar likevel kunne be om kommunal assistanse, t.d. frå psykososialt kriseteam.

## 3.4 Intern organisering

Alle verksemdar og avdelingar i Bømlo kommune har ansvar for å etablera, organisera og vedlikehalda ein tilfredsstillande beredskap.

Oppstår det ein nødsituasjon, skal aktuell nødetat kontaktast på nødnummer.

Dersom nokre av verksemdene eller avdelingane i kommunen vert berørt av ei beredskapshending, har dei sjølve ansvaret for å varsla om beredskapssituasjonen til kommunen sin beredskapstelefon; 53 42 93 00.

Med bakgrunn i denne varslinga vil det bli vurdert mobilisering av kommunal kriseleiing (KKL). Varsling til den kommunale beredskapstelefonen skal gjennomførast sjølv om nødetatane, eiga verksemd eller seksjon er varsla om hendinga.

Når beredskapsorganisasjonen er mobilisert, vil ramma eller berørt verksemd utgjera det taktiske nivået i kommunen sin beredskapsorganisasjon, og leiar i verksemda vil vera kommunen sin innsatsleiar i innsatsområdet.

Verksemdsleiar der hendinga skjer besluttar sjølv korleis dei vil organisera beredskapen i eiga verksemd, jf. beredskapsorganiseringa som er omtala i beredskapsplan for taktisk nivå. Beredskapsorganiseringa kan ikkje vera i strid med innhaldet i kommunen sitt overordna beredskapsplanverk.

## 4 Beredskapsdokument

Saman med denne administrative del består overordna beredskapsplan for Bømlo kommune av fleire operative beredskapsplanar.

Dei operative planane er egne dokument som er meint nytta aktivt under handtering av beredskaps-situasjon, medan grunnleggande kunnskap i denne administrative del av planen vert forutsett er innlært før hendingar skjer.


Beredskapsplanverket er merka med fargar, alt etter om det er administrativ eller operativ del og alt etter om det er strategisk, operasjonelt eller taktisk nivå.

### 4.1 Overordna beredskapsplan – administrativ del (1)

Denne administrative overordna beredskapsplanen er verksemdsovergrepande for Bømlo kommune, og gjeld for heile organisasjonen og beskriv korleis beredskapen i Bømlo kommune er organisert, samordna og dokumentert, samt beskriv kva prinsipp, prioriteringar og metodar som skal vera førande før organiseringa av beredskapen og utøving av beredskapsleiing i kommunen.

Rådmannen er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av overordna administrativ beredskapsplan. Planen skal gjennomgåast årleg, og eventuell revisjon skal dokumenterast. Årlege revisjonar<sup>2</sup>, t.d. tilpassa endra lovverk og/eller nasjonale veileदार og/eller omorganisering internt i kommunen, vert gjort av rådmannen, medan kommunestyret vedtar *Overordna beredskapsplan – administrativ del* kvart 4. år, anten planen er revidert eller at planen har gjennomgått versjonsendring<sup>3</sup>.

Dokumentet ligg på kommunen si nettside og i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.



### 4.2 Operative beredskapsplanar

Dei operative beredskapsplanane er interne arbeidsdokument og beskriv korleis krise- og beredskaps-situasjonar i Bømlo kommune skal handterast. Planane skal byggast opp slik at dei kan nyttast som effektive og aktive hjelpemiddel under alle beredskapsfasane; a) varsling og mobilisering, b) handtering og risikoreduksjon, c) demobilisering og normalisering.

Kommunen sine operative beredskapsplanar skal nyttast på dei tre nivåa i beredskapsorganisasjonen; strategisk nivå, operasjonell krisestab og taktisk nivå.

*Beredskapsplan for kommunal kriseleiing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab (2)*, gjeld for kommunal kriseleiing samt for dei som kan bli mobilisert i krisestab og/eller støttefunksjonar. *Taktiske beredskapsplan (3)* gjeld alle verksemdene / avdelingane. Verksemdene utarbeidar egne tillegg som omhandlar t.d. rømmingsvegar, brannberedskap og evt verksemdspesifikke tema.

<sup>2</sup> Revisjon: Mindre korreksjonar i planen

<sup>3</sup> Versjonsendring: Omfattande endringar i planen


Rådmannen er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av *Beredskapsplan for kommunal kriseleing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab (2)*, *Taktiske beredskapsplan (3)* og *Kontakt detaljar (varslingslister) for beredskap (4)*. Dokumenta skal reviderast årleg, og revisjonen skal dokumenterast.

Verksemdsleiar er ansvarleg for eige tillegg til taktisk beredskapsplan, men tilleggga skal godkjennast av kommunalsjef. Tillegget for verksemda er supplement, og underordna strategisk og taktisk beredskapsplan. Planane skal reviderast årleg, og revisjonen skal dokumenterast.

#### 4.2.1 Beredskapsplan for kommunal kriseleing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab

*Beredskapsplan for kommunal kriseleing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab (2)*, gjeld for kommunal kriseleing (KKL) og for operasjonell krisestab, samt for dei som blir kalla inn som rådgjevarar/fagpersonar som støtte for KKL og/eller krisestab. Planen inneheld aktuelle funksjonskort og tiltakskort, samt evt øvrige hjelpemiddel for handtering av beredskapssituasjonar.

Dokumentet ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, og er unnateke offentlegheita i henhold til Offentlighetslovens §14, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon.



#### 4.2.2 Taktisk beredskapsplan

Den taktiske beredskapsplanen gjeld for alle verksemdene og avdelingane i Bømlo kommune. Verksemda har sitt eige tillegg til taktisk beredskapsplan, som gjeld t.d. branninstruks, rømmingsvegar. Tillegget for verksemda er supplement, og underordna strategisk og taktisk beredskapsplan.

Taktisk beredskapsplan inneheld naudsyste funksjonsbeskrivingar, samt aktuelle tiltakskort og øvrige hjelpemiddel for handtering av beredskapssituasjonar.

Dokumentet ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, og er unnateke offentlegheita i henhold til Offentlighetslovens §14, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon.



#### 4.2.3 Kontaktdetaljar (varslingslister) for beredskap

Det er laga to forskjellige utgåver av *kontakt detaljar for beredskap*. Den eine utgåva inneheld kontakt detaljar til alle verksemdene innan helse, sosial, omsorg og innan oppvekst, kultur, idrett. Dokumentet ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, er unnateke offentlegheita i henhold til Offentlighetslovens §14, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon.

Den andre utgåva av *kontakt detaljar for beredskap* er berre tilgjengeleg for kommunal kriseleing, leiar for operasjonell krisestab og nokre få andre funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon, då det er berre desse som har trong for kontakt detaljar til t.d. transportselskap, Fylkesmann, m.fl. . Einskilde organisasjonar som kommunen samhandlar med i ein beredskapssituasjon har sett klåre restriksjonar på kven som skal ha tilgang til deira kontakt detaljar. Dokumentet ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, og er unnateke offentlegheita i henhold til Offentlighetslovens §14, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon. Dette dokumentet er skjult frå andre enn dei som er klarert for å få tilgang til desse opplysningane.



Dokumenta med kontaktdetaljar for beredskap skal oppdaterast årleg, men bør oppdaterast halvårleg, eller oftare dersom det er store endringar.

### **4.3 Temaspesifikke beredskapsplanar**

Temaspesifikke beredskapsplanar er planar som anten er lovpålagt å utarbeida i henhold til lov om kommunal beredskapsplikt eller temaspesifikke beredskapsplanar som er utarbeidd i henhold til øvrig lovgiving eller fordi det er rådd til frå nasjonale instansar eller fordi det har oppstått eit behov for planane.

Dei temaspesifikke planane vil være verksemdsovergrepande.

#### **4.3.1 Evakueringsplan**

Det er eit krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt at kommunen skal ha ein plan for befolkningsevakuering. Planen skal vera ein del av overordna beredskapsplan, og er integrert i *Beredskapsplan for kommunal kriseleiing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab*.

#### **4.3.2 Informasjonsplan**

Det er eit krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt at kommunen skal ha ein plan for informasjon til befolkninga. Informasjonsplanen skal innehalda ein plan for befolkningsvarsling, plan for mediasenter og plan for telefonsvarsenter. Planen skal vera ein del av overordna beredskapsplan, og er integrert i *Beredskapsplan for kommunal kriseleiing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab*.

#### **4.3.3 Øvrige temaspesifikke beredskapsplanar**

Følgende temaspesifikke beredskapsplanar er utarbeidd:

##### **4.3.3.1 Beredskapsplan for tryggleik på rådhuset**

Beredskapsplan for tryggleik på rådhuset er sikra gjennom *Taktisk beredskapsplan og Objektplan for Rådhuset* (ein plan som politiet har eiga mal for og som politiet har fått tilsendt), samt branninstruks og andre dokument relatert til branntryggleik for rådhuset. Rådmann er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av dokumenta.

##### **4.3.3.2 Beredskapsplan for Bømlo brann og redning**

Plan for kommunal brann- og redningstjeneste. Brannsjef er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

##### **4.3.3.3 Beredskapsplan for akutt forureining**

Interkommunalt utvalg mot akutt forureining (IUA) har utarbeidd plan for taktisk handtering av situasjonar med akutt forureining, herunder utnytting av Interkommunalt utvalg mot akutt forureining (IUA) sine ressursar. Arbeidsutvalet i IUA er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.



#### 4.3.3.4 Beredskapsplan IT

Planen beskriv overordna struktur for beredskapsplanar og organisering av beredskap for informasjonssystema i Bømlo kommune, samt rutinar for handtering av hendingar og tryggleiksmål / iverksetjing av førebyggjande tiltak i tråd med tryggleiksstrategi. Leiar for IKT-avdelinga er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

#### 4.3.3.5 Beredskapsplan for personell- og befolkningsivaretaking

Psykososialt kriseteam har fleire einskiddokument som dekkjer befolkningsivaretaking når det gjeld psykososial ivaretaking og anna omsorg. Plan for oppretting og drift av omsorgssentra (t.d. evakuertesenter, pårørandesenter), samt ivaretaking av personell er integrert i *Beredskapsplan for kommunal kriseleiing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab*.

#### 4.3.3.6 Beredskapsplan for helsetjenester

Beredskap for helsetjenester er delt i fleire dokument:

Helse- og sosialberedskapsplan, smittevernplan og vedlegg: Utbrot av smittesjukdom i helseinstitusjon, tuberkuloseplan, pandemiplan og vedlegg til pandemiplan: Liste over nøkkelpersonell for vaksinasjon.

Kommunalsjef for helse, sosial og omsorg er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av helse- og sosialberedskapsplanen. Dokumentet ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, og er i tillegg sendt til relevante samarbeidspartnarar som t.d. Sunnhordland Interkommunale legevakt.

Kommuneoverlegen/smittevernlegen er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av smittevernplan, tuberkuloseplan og pandemiplan med vedlegg. Dokumenta ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem. Smittevernplanen ligg i tillegg på kommunen sine nettsider.

#### 4.3.3.7 Beredskapsplan for radioaktivitet

Plan for taktisk handtering av situasjonar med radioaktivt nedfall eller stråling er integrert i *Beredskapsplan for kommunal kriseleiing, strategisk nivå, og operasjonell krisestab*.

#### 4.3.3.8 Beredskapsplan for vatn og avløp

Bømlo Vatn og Avløp (BVA) har beredskapsplan for vatn og avløp, og er sjølv ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

#### 4.3.3.9 Beredskapsplan for straumforsyning

Finnås Kraftlag har beredskapsplan for straumforsyning, og er sjølv ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.


Teknisk drift har beredskapsplan ved straumbrot ved kommunale bygg.

### 4.4 Ansvar for utarbeiding, revisjon og øving av beredskapsplanane

Det er rådmannen som har det overordna ansvaret for dei beredskapsplanar som er lista i punkt 4.3., med unntak av beredskapsplanar for BVA og Finnås Kraftlag, vert utarbeidd, får årleg revisjon og forsvarleg øving, medan det er den einskilde leiar for aktuell verksemd eller avdeling som er ansvarleg for utføringa.



#### 4.5 Illustrasjon av beredskapsplans-hierarkiet



## **4.6 Risiko- og sårbarhetsanalyse som grunnlag for beredskapsplanar**

Lov om kommunal beredskapsplikt set krav om at kommunen sin overordna beredskapsplan skal vera utarbeidd med utgangspunkt i ein risiko- og sårbarhetsanalyse.

Ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) skal i denne sammenheng identifisera kva uønskte hendingar som kan inntreffa, vurdere årsaker, sannsyn og konsekvens tilhøyrande hendingane, vurdere og identifisera tiltak som er eigna til å redusera risikoen i samband med hendingane. Med andre ord; ROS-analyse beskriv kva som kan gå galt og konsekvensane av det som går galt. Ein slik analyse skal primært danna grunnlag for ein målretta og strukturert risikostyring, men kan også nyttast som grunnlag for etablering av beredskap.

Eit viktig grunnlag for gode analysar er kunnskap og erfaring. Gode analysar bidrar til at ressursene kan utviklast og nyttast mest mogleg effektivt innanfor forsvarlege kostnadsrammer. Beredskapsdokument på alle nivå i Bømlo kommune skal utarbeidast og reviderast med bakgrunn i risiko- og sårbarhetsanalysar.

## 5 Prinsipp, prioriteringer og metode

Beredskapsorganiseringen og utøving av beredskapsleiing i Bømlo kommune skal vera forankra i anerkjente prinsipp, prioriteringer og metoder for krise- og beredskapsleiing.

Kommunen skal i beredskapsorganiseringa si følgja dei nasjonale beredskapsprinsippa og etterleva dei proaktive prinsippa. Utøving av beredskapsleiing skal vera potensialbasert, og prioriteringer skal gjerast på bakgrunn av prioriterings-rekkefølga til beredskapsverdiene. For å sikra dette skal proaktiv stabsmetodikk nyttast.

### 5.1 Dei nasjonale beredskapsprinsippa

Dei nasjonale beredskapsprinsippa er anbefalt nytta i all organisering av beredskap i det offentlege. Prinsippa er likskap, nærleik, ansvar og samvirke, og desse prinsippa vert lagt til grunn for Bømlo kommune si beredskapsorganisering.

#### 5.1.1 Likskapsprinsippet

Likskapsprinsippet medfører at den organisering ein organisasjon opererar med til dagleg og den som vert nytta i beredskapssituasjonar, skal vera så lik som mogleg. Dette gjer det enklare å manøvrera i organisasjonen under hektiske situasjonar fordi ressurser, informasjonskanalar, og ansvars- og kommunikasjonslinjer allereie er innarbeidd og kjent.

I Bømlo kommune sin beredskapsorganisasjon er den politiske og den administrative leiinga vidareført i beredskapsorganisasjonen, og fagleiarar og verksemdsleiarar beheld funksjonane sine som eininga si leiar også i beredskapssituasjonar.

#### 5.1.2 Ansvarsprinsippet

Ansvarsprinsippet førar med seg at den som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, også har ansvar for det samme området i beredskapssituasjonar. Ved å behalda eit ansvarsområde på samme stad, er det enklare å finna og forhalda seg til dei rette funksjonane og einingane i beredskapssituasjonar der tid og effektiv kommunikasjon og beslutningstagning kan vera kritiske faktorer.

Alle ledd i Bømlo kommune si organisering beheld ansvarsoppgåvene sine i beredskapssituasjonar, og dei har ansvar for å etablera og bemanna dei beredskapsressursene som ivaretar det råka ansvarsområdet i beredskapsorganisasjonen.

#### 5.1.3 Nærleiksprinsippet

Nærleiksprinsippet førar med seg at beredskapssituasjonar organisatorisk skal handterast på lågast mogleg nivå.

Verksemdsleiarane i Bømlo kommune er innsatsleiarar på taktisk nivå for hendingar som rammar eiga verksemd. Kommunen sin administrative leiing responderar på og handterar alle hendingar som rammer eller påvirker Bømlo kommune, og er kommunen sin øverste ansvarlege.

### 5.1.4 Samvirkeprinsippet

Samvirkeprinsippet førar med seg at det vert stilt krav til at einkvar organisasjon har eit sjølvstendig ansvar for å sikra best mogleg samvirke med interne og eksterne relevante aktørar i beredskapssituasjoner.

Beredskapsorganisasjonen til Bømlo kommune er ein organisasjon der alle seksjonane deltar med sin særlege kompetanse. Samvirket mellom den politiske og administrative leiinga er dekkja gjennom at ordførar er del av kommunal kriseleiing.

## 5.2 Beredskapsverdiene

All planlegging og ressursutnytting i beredskapssituasjoner skal i Bømlo kommune ta utgangspunkt i ivaretaking av beredskapsverdiene og prioriteringsrekkefølga mellom desse.

Beredskapsverdiene er i prioritert rekkefølge:

1. Menneske
2. Ytre miljø
3. Økonomiske verdier
4. Omdømmet

Ivaretaking av omdømmet inngår ikkje direkte i prioriteringsrekkefølgen, men er i vesentleg grad avhengig av korleis kommunen ivaretar og klarer å formidla ivaretakinga si av dei tre øvrige beredskapsverdiene.

Prioriteringsrekkefølga gjeld på to område;

Ved lite ressurser som kan nyttast i innsats for å ivareta fleire av verdiene, bør ressursene alltid prioriterast i innsats for å ivareta den høgast prioriterte beredskapsverdien. Dette er ikkje til hinder for at parallelle aksjoner for å ivareta fleire av verdiene samtidig kan iverksetjast.

Prioriteringsrekkefølgen gjeld også i situasjoner der innsats for å ivareta ein verdi kan utgjera ein risiko for å gjera skade på ein av dei andre beredskapsverdiene. I slike tilfelle bør innsats ikkje iverksetast dersom innsats mot ein lågaste rangert verdi kan utgjera ein uakseptabel risiko for skade på ein høgare rangert verdi. Særleg gjeld dette dersom innsats for å berga miljøet eller økonomiske verdier kan utgjera ein uakseptabel risiko for innsatsmannskapa.

### 5.2.1 Menneske

Ivaretaking av menneske skal alltid prioriterast høgast. Det er den direkte innsatsen for å berge liv og helse til menneske som primært skal prioriterast, men også den vidare psykososiale ivaretakinga bør prioriterast då dette ein svært viktig oppgåve innan kommunal beredskap.

Psykososial oppfølging, anna omsorg og informasjon til menneske som er direkte eller indirekte involvert, til deira pårørande, til dei tilsette i kommunen og kommunen sine innsatsmannskap, samt befolkninga i kommunen og øvrige interessenter, er eit kommunalt ansvar som Bømlo kommune skal ivareta på ein best mogleg måte i alle beredskapssituasjoner.

### 5.2.2 Ytre miljø

Etter ivaretaking av menneske, skal beskytting av det ytre miljø prioriterast. Med det ytre miljø er å forstå, i denne samanheng, alle uerstattelege verdier, herunder også kulturminne og arkivmateriale.

Vern av det ytre miljøet, kulturminne og arkivmateriale er ein kommunal beredskapsoppgåve som Bømlo kommune bør vera bevisst og ivareta på ein optimal måte i alle beredskapssituasjoner.

### 5.2.3 Økonomiske verdier

Når menneske og uerstattelege verdier er ivaretatt, skal kommunen sine økonomiske verdier ivaretakast og beskyttast. Både materielle og immaterielle verdier som er erstattelege, og kommunen sin tjeneste-produksjon vert rekna som økonomiske verdier.

Bømlo kommune eig, disponerer og drifter store fellesverdier for samfunnet. Desse verdiene bør i varetakast på ein tilfredsstillande måte i alle beredskapssituasjoner. Gjennom kommunen sitt ansvar for brannvesenet og vatn og avløp (via BVA), har kommunen også eit ansvar for å berga og ivareta private og offentlege verdier utanfor kommunalt eige, når desse vert truga av brann eller skadar forårsaka av brot på vatn- eller avløpsleidningar.

Kommunen har også eit ansvar for å oppretthalda tjenestetilbodet sitt på eit forsvarleg nivå på tross av eventuelle beredskapssituasjoner, og dette er eit ansvar som Bømlo kommune bør vera bevisst og ivareta på ein tilfredsstillande måte i alle beredskapssituasjoner.

### 5.2.4 Omdømme

Ivaretakinga av Bømlo kommune sitt omdømme i ein beredskapssituasjon vil i stor grad vera avhengig av korleis kommunen evner å ivareta dei øvrige beredskapsverdiene, og samtidig evner å formidla ivaretakinga av beredskapsverdiene på ein god og effektiv måte til media og øvrige interessenter.

Omdømmet er viktig for ein kommune for å kunna oppretthalda statusen sin som en attraktiv bustad- og næringslivskommune, arbeidsplass, og for å sikra tilfredsstillande og økonomisk forsvarleg bruk av det frivillige kommunale tjenestetilbodet.

Bømlo kommune skal streba etter å vera ein føregangskommune innan informasjonsberedskap, både når det gjeld befolkningsinformasjon, ivaretaking av interessar og mediehåndtering.

## 5.3 Proaktiv stabsmetodikk

For å sikra at Bømlo kommune har ein potensialbasert og planlagt respons på, og handtering av, alle potensielle beredskapssituasjonar, der beredskapsverdiene vert ivaretatt og dei proaktive prinsippa vert etterlevd, skal kommunen primært nytta proaktiv stabsmetodikk som beredskapsleiingsmetodikk på alle nivå i beredskapsorganisasjonen.

Rådmannen er ansvarleg for at det vert lagt til rette for forsvarleg opplæring i bruk av metodikken til dei funksjonar der ein kan forventast vil ha bruk for denne metodikken, og at naudsynte hjelpemiddel for bruk av proaktiv stabsmetodikk er tilgjengeleg.

## **5.4 Dei proaktive prinsippa**

Etterleving av dei proaktive prinsippa; sikker usikkerheits-, moderat overreaksjons- og første informasjons-prinsippet, skal sikra at Bømlo kommune responderar så tidleg som mogleg med tilstrekkelege ressursar i alle potensielle beredskapssituasjonar.

### **5.4.1 Sikker usikkerheits-prinsippet**

Sikker usikkerheits-prinsippet inneber at rådmann, kommunalsjef, verksemdsleiar, avdelingsleiar eller ein tilsett alltid bør velja å varsle eller å mobilisera beredskapsorganisasjonen dersom vedkommande er usikker på om det er naudsynt å mobilisera.

Det samme gjeld dersom det er usikkert om det er naudsynt å iverksetja eit tiltak som kan ha positiv effekt under ein beredskapssituasjon. Om ein er usikker så bør tiltaket iverksetjast.

Ved å ha kunnskap om sikker usikkerheits-prinsippet vil terskelen for å «trykka på den store raude knappen» vera lågare fordi ein veit at det tar tid å mobilisera ressursar. Det er enklare å demobilisera enn å mobilisera, og det er betre å iverksetja tiltak i ein tidleg fase enn å venta til hendinga har eskalert eller komme ut av kontroll.

### **5.4.2 Moderat overreaksjons-prinsippet**

Moderat overreaksjons-prinsippet inneber at beredskapsorganisasjonen alltid, og så tidleg som mogleg, bør forsøka å gjennomføra ressursmobilisering av eit slikt omfang at det er tilgjengeleg ein overkapasitet på dei viktigaste ressursane.

### **5.4.3 Første informasjons-prinsippet**

Første informasjons-prinsippet inneber at Bømlo kommune i utgangspunktet alltid bør forsøka å vera først ute med informasjon til media og andre interessenter om dei beredskapssituasjonar som rammer kommunen. Informasjonen bør alltid vera så korrekt som mogleg, sjølv om informasjonen kan gi kommunen negativ publisitet.

## 6 Kompetansekrav og vedlikeholdstrening

Ein beredskapsplan dokumenterar berre korleis beredskapen er organisert og samordna eller korleis beredskapssituasjonar er forventa handtert. Planane gir ikkje organisasjonen reell beredskapsevne. For å kunna etterleva beredskapsplanverk og gi organisasjonen reell beredskapsevne, krevs det at organisasjonen har fokus på samfunnstryggleik og beredskap, samt nødvendig kompetanse, opplæring og øving som vil gjera at beredskapsplanverk kan bli etterleva og organisasjonen kan få beredskapsevne.

For å sikra dette, skal dei personer som inngår i Bømlo kommune sin beredskapsorganisasjon ha gjennomført opplæring og deltatt på vedlikeholdstrening som krevs for å oppretthalda tilfredsstillande ferdigheter, så lenge dei innehar ein beredskapsfunksjon.

Rådmannen er ansvarleg for at det i Bømlo kommune vert planlagt og gjennomført opplæringstiltak som sikrar at alle som tek del i øvingar og aksjonar har rett kompetanse i høve til dei oppgåvene dei er sette til å løysa.

### 6.1 Kompetanseutviklings- og øvingsplan

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeida ein plan for kompetanseutvikling, opplæring, trening og øving. Planen bør vera så detaljert som mogleg, ha eit fornuftig omfang som ikkje rammer øvrig tenesteproduksjon unødvendig og skal sikra at Bømlo kommune til ein kvar tid har kompetent personell som bemanner funksjonene i beredskapsorganisasjonen.

#### 6.1.1 Øvingsplan

Øvingar må ikkje gjennomførast for øvinga si skuld og for å kunne «kryssa av» for at øving er gjennomført, men må gjennomførast for å læra. Øvingar kan gjerne vera små, då desse er vel så effektive og læringsutbyttet vel så stort som fullskalaøving.

Alle som kan få ei rolle i beredskapssamanheng må øvast.

#### 6.1.2 Øvingsmål

Øvingsmål (hovudmål og evt delmål) må setjast slik at det er mogleg, gjennom evaluering i etterkant, å konkludera om øvingsmåla er nådd eller ikkje.

#### 6.1.3 Evaluering

Evaluering er det like viktig er å ta med kva som fungerte godt som kva som er forbettringspotensiale både når det gjeld kompetanse og kva som må vurderast av endringar i beredskapsplanverk (jf forskrift om kommunal beredskapsplikt).

Evaluering må munna ut ein konklusjon der evt endringar vert lista, og der det er sett både ansvarleg og tidsfrist for dette arbeidet.

## 6.2 Kompetansekrav og opplæring

Det bør setjast krav til kva kompetanse dei ulike personane som innehar dei ulike funksjonane i beredskapsorganisasjonen er forventa å inneha, og kva opplæring dei skal få tilbod om for å kunne opparbeida seg naudsynt kompetanse.

Personane som innehar dei ulike leiarfunksjonar i strategisk nivå, operasjonell krisestab og taktisk nivå må gjennomføra grunnleggjande opplæring.

Rådmannen er ansvarleg for at det vert gjennomført naudsynt øvings- og opplæringsaktivitet for funksjonene i den strategiske kriseleiinga og den operasjonelle krisestaben.

Kommunalsjefane er ansvarlege for at det vert gjennomført naudsynt øvings- og opplæringsaktivitet i seksjonane sine for dei funksjonane som er omtala i taktisk beredskapsplan og evt eige planverk i seksjonen.

Verksemdsleiarar er ansvarleg for å gjennomføra naudsynte øvings- og opplæringsaktiviteter i eiga verksemd.

Alle tilsette som kallast inn til øvings- og opplæringsaktiviteter skal prioritera å stilla på desse.

Gjennomført opplæring skal dokumenterast og leggjast i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.

## 6.3 Vedlikehaldstrening og øving

Det bør setjast krav til vedlikehaldstrening og øving for dei ulike personane som innehar dei ulike funksjonene i beredskapsorganisasjonen slik at dei skal kunne oppretthalda nødvendig kompetanse kontinuerleg og over tid.

Rådmannen er ansvarleg for at det vert gjennomført naudsynt vedlikehaldstrening og øvingsaktivitetar for dei ulike funksjonene på strategisk nivå og operasjonell krisestab. Kommunalsjefane er ansvarleg for å gjennomføra naudsynt vedlikehaldstrening og øvingsaktiviteter omtala i taktisk beredskapsplan, og dette bør samordnast med rådmannen. I kvar verksemd er det verksemdsleiarane som er ansvarleg for å gjennomføra naudsynt vedlikehaldstrening og øvingsaktiviteter for dei funksjonane som er omtala i taktisk beredskapsplan og i eige planverk for verksemda. Alle leiarar skal, som eit minimum, kvart år gjennomgå beredskapsplanverk med alle tilsette og sørge for at beredskapsplanverket vert øvd og at det vert laga øvingsrapport. Kva som skal øvast skal gå fram av den overordna øvingsplanen som rådmannen er ansvarleg for. Oversikt over gjennomførte øvingar vil liggja i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.

Dei tilsette som vert kalla inn til vedlikehaldstrening og øvingar skal prioriterast å stilla på desse.

Gjennom øvingar skal Bømlo kommune sikra seg:

- at alle tilsette kjenner beredskapsplanverket
- at alle tilsette lærar seg å bruka beredskapsplanverket
- avdekka forbetringspotensiale, svikt og avvik både i kunnskap og planverk, og få retta dette opp
- avdekka kva som fungerer godt.

Opplæring og øving aukar forståinga av at beredskapsarbeid er nødvendig, og vil kunne avdekka forbetringspotensiale og utvikling av beredskapsplanverk, -opplæring og -øving, men også kva som fungerer godt.



Planlagde tiltak er:

1. Kartlegging av opplæringsbehov.

Slik kartlegging omfattar:

- Vurdering av dei tilsette sine behov for formelle kvalifikasjonar
- Vurdering av dei tilsette sin innsats i beredskapsarbeid for å fastslå behov og potensial for vidare utvikling.

2. Gjennomføring av opplæringstiltak som omfattar:

- Opplæring av leiarar og nøkkelpersonell med tanke på beredskapsarbeid for å sikra ein effektiv beredskapsorganisasjon, kunnskap om risiko- og sårbarheitsanalysar, målsetting og prinsipp for effektiv beredskap.
- Opplæring av personell i korleis beredskapsorganisasjonen fungerer, ansvarstilhøve, administrative og faglege prosedyrar.
- Kurs, opplæring og øvingar for tilsette/ nytilsette slik at dei kan vedlikehalde og vidareutvikle kvalifikasjonane sine.
- Rullerande plan for å ivareta innhaldet i pkt 6 *Kompetansekrav og vedlikeholdstrening*.
- Oversikt over gjennomført opplæring skal dokumenterast og leggjast i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.

### 6.3.1 Etter øvingar

Etter gjennomførte øvingar skal det gjennomførast evaluering, der ein m.a. evaluerer eksisterande planverk og går gjennom kva som fungerte og kva som ikkje fungerte. Det må også setjast ein frist for eventuell omarbeiding av planverk og frist for gjennomføring av eventuelt andre tiltak.

Etter øvingar skal ansvarleg for øvinga fylla ut rapport der øvingsansvarleg nyttar rapportmal for øving, som ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, og utfylt rapport vert lagt i kvalitetsstyringssystemet.

## 6.4 Etter reelle hendingar

Involvert personell skal gjennom debrief etter reelle hendingar, og kommunalsjef eller evt rådmann er ansvarleg for dette.

Det skal skrivast ein rapport etter sjølv hendinga, med evaluering av Bømlo kommune si deltaking. Som del av evaluering skal det vurderast kva som fungerte bra og kva som fungerte mindre bra i hendinga og også i eksisterande planverk. Dersom det er naudsynt med omarbeiding av planverk og/eller gjennomføring av andre tiltak så skal dette skrivast i rapporten. For alle gjeremål etter ei reell hending skal det setjast ein tidsfrist for dette og ein ansvarleg for gjeremålet.

Rapporten etter reelle hendingar skal leggjast i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.

## 7 Krav til utforming og revisjon av overordna administrativ beredskapsplan

*Overordna beredskapsplan - administrativ del* skal utformast for fargeutskrift som hefte. Den til einkvar tid gjeldande utgåve av planen skal liggja tilgjengeleg elektronisk i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem, slik at planen er lett tilgjengeleg for kommunen sine tilsette. *Overordna beredskapsplan - administrativ del* skal også offentliggjera på kommunen si nettside.

Rådmannen er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av overordna beredskapsplanverk. Planverket skal gjennomgåast årleg, og eventuell revisjon skal dokumenterast. Årlege revisjonar, t.d. tilpassa endra lovverk og/eller nasjonale veiledarar og/eller omorganisering internt i kommunen og/eller med bakgrunn i erfaringar frå øvingar og reelle hendingar, medan det kvart 4. år vert lagt opp til versjonsendring av beredskapsplanverket.

### 7.1 Dokumentstyring

Bømlo kommune har prosedyrar som sikrar at nødvendige dokument som gjeld arbeidet med beredskap vert skrivne, reviderte, godkjende, gjort kjende og fordelte.

Dokument som ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem vert revidert med maksimum 365 dagars mellomrom. Det er alltid siste versjon av dokumentet som ligg tilgjengeleg.

#### 7.1.1 Ved revisjon eller versjonsendring av overordna beredskapsplanverk

Når beredskapsplanverk er revidert, eller det vert gjort versjonsendring, må dette gjerast kjend:

- Internt i kommunen vert det via e-post til alle leiarar i kommunen vist til oppdatert dokument som ligg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem.
- Eksternt: Plan vert sendt som vedlegg i e-post til relevante eksterne samarbeidspartnarar.

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Omgrepsliste med definisjonar

I det følgjande er det lista ein del omgrep som vert nytta i samfunnstryggleik og beredskap, og det er svært viktig med felles forståing av omgrep. Omgrepa er lista alfabetisk.

### Avvik

Mangel på oppfyling av spesifiserte krav (anten krav frå offentleg mynde i lover og forskrifter) eller Bømlo kommune sine egne krav.

### Beredskap

Tiltak for å førebyggje, avgrense eller handtere kriser og andre uønskte hendingar (NOU 2000:24 *Et sårbart samfunn*).

### Beredskapsleiing

Dei som har leiinga i ein beredskapssituasjon. Beredskapsleiinga kan organiserast på tre nivå: strategisk, operativt og taktisk:

#### Strategisk

Den strategiske beredskapsleiinga er den overordna leiinga av beredskapsorganisasjonen i ein beredskapssituasjon. Den strategiske beredskapsleiinga skal tenkje framtidretta og koordinerande og jobbe for å hindre eller avgrense den negative konsekvensen krisa kan få for organisasjonen. Drifta elles må varetakast, og tiltak for å sikre beredskap for andre og nye hendingar må sikrast. Den strategiske beredskapsleiinga skal òg ta hand om omdømme, økonomi og eventuelle juridiske konsekvensar hendinga kan få for organisasjonen.

#### Operativ

Den operative beredskapsleiinga skal leie, koordinere og støtte innsatsen til taktiske einingar i ein beredskapssituasjon for å sikre at innsatsen er effektiv og i samsvar med planverket og dei strategiske føringane til verksemda.

#### Taktisk:

I ein beredskapssituasjon skal den taktiske beredskapsleiinga leie individ i innsats for å hindra eller avgrensa skadar på menneske, ytre miljø, økonomiske verdiar eller omdømme, gjennom utføring av konkrete oppgåver. (Lunde 2014)

### Beredskapsplan

Eit dokument som beskriv ansvar, myndigheit, leiings- og kommunikasjonslinjer. Det går fram kven som gjer kva, og når og korleis noko skal gjerast i ein beredskapssituasjon.

### Beredskapssituasjon

Når det vert avgjort å mobilisera heile eller delar av beredskapsorganisasjonen sin, er dette å rekna som ein beredskapssituasjon.

### Helse -og sosial beredskap

Helse- og sosialtenesta si evne til å kunne utvide og omstille tenestekapasiteten sin til det som vil vera nødvendig i fredstidskriser og tryggleikspolitiske kriser.

### HRS - Hovudredningsentral

Hovudredningsentralen har det overordna koordinerande ansvaret ved redningsaksjonar.

### ILKO – innsatsleiar sin kommandoplass

«Ved større hendelser oppretter innsatslederen kommandoplass (ILKO), herfra ledes og koordineres den samlede innsatsen. ILKO må dimensjoneres i forhold til oppgaven. ILKO kan bestå av delledere og et nødvendig antall personer til å ivareta støttefunksjoner som etterretning, samband, kartplotting, ressursoversikt og mediehåndtering. En eller

*flere polititjenestepersoner kan ivareta støttefunksjonene, eller oppgavene kan helt eller delvis ivaretas av andre. I tillegg kommer eventuelle rådgivere og liaisoner i ILKO.»*

(Frå PBS 1 (Politiets beredskapssystem 1))

### **Innsatsleiar (IL)**

*«Politiets ansvar for å organisere, lede og koordinere arbeidet i innsatsområdet. Innsatsledelse ved redningstjeneste er i første rekke tilrettelegging for faginnsats og koordinering av ressurser og støttefunksjoner. Innsatslederen skal med andre ord ikke lede brannvesenets og helsetjenestens faginnsats. Innsatsledelsen består normalt av innsatsleder, fagleder brann og fagleder helse.*

*Innsatslederen er politidistriktets øverste leder på taktisk nivå ved hendelser som krever koordinerende ledelse. Innsatslederen har ordremyndighet over en innsatsstyrke i en konkret aksjon eller operasjon. Ved hendelser som krever koordinerende ledelse, skal det alltid utpekes en innsatsleder.*

*For at innsatslederen skal kunne bruke sin tid til ledelse og koordinering kan det være nødvendig at han/ hun har personell til rådighet som kan avlaste enkelte gjøremål. Innsatslederens nestkommanderende (NK) har normalt ansvar for å organisere og lede innsatsstyrken.»*

(Frå PBS 1 (Politiets beredskapssystem 1))

### **Innsatsleiar brann (ILB)**

Den som har overordna ansvar for brannvesenet si innsats og beslutta målsetting og tildeling av ressursar til brannvesenet innanfor heile innsatsområdet. Inntil politiet kjem til skadestaden og overtar ordensansvaret og skadestadsleiinga, har overordna innsatsleiar i brannvesenet ansvar for å ivareta funksjonane til innsatsleiar politiet, jf. brann- og eksplosjonsvernloven § 12.

(Kjelde: DSB)

### **Innsatsleiar helse (ILH)**

Innsatsleiar helse (ILH) skal leia helsetenesta si samla innsats i innsatsområdet / skadestaden.

### **Kommunal kriseleiing (KKL)**

Bømlo kommune har ei kommunal kriseleiing der rådmannen er leiar. Kommunal kriseleiing består av rådmannen si strategiske leiargruppe, samt ordførar.

### **Kommuneoverlege**

Bømlo kommune har kommuneoverlege som er medisinfagleg rådgjevar i kommunen.

### **Leiing i innsatsområdet**

*«Ledelse i innsatsområdet Politiet har ansvar for å organisere, lede og koordinere arbeidet i innsatsområdet. Innsatsledelse ved redningstjeneste er i første rekke tilrettelegging for faginnsats og koordinering av ressurser og støttefunksjoner. Innsatslederen skal med andre ord ikke lede brannvesenets og helsetjenestens faginnsats.*

*Innsatsledelsen består normalt av innsatsleder, innsatsleder brann og innsatsleder helse\*. Ved redningstjeneste er faglederne fra brann og helse innsatslederens nærmeste delledere. De tre nødetatene utpeker selv sine fagledere.*

*Disse leder faginnsatsen på vegne av egen etat.»* (Frå PBS 1 (Politiets beredskapssystem 1))

\***Innsatsleiar helse (ILH)** er helseinnsatsen sin representant i ILKO, og er oftast den mest erfarne ambulansarbeidar. **Medisinsk leiar helse (MLH):** Er øvste medisinske leiar i innsatsområdet og ILH sin medisinskfaglege rådgjevar. MLH er i utgangspunktet den lege som er vaktlege i interkommunale legevakt / kommunal dag-legevakt.

### **Leiar legetenesta i Bømlo kommune:**

Den som har den daglege leiinga og ansvar for personell (legar og hjelpepersonell) knytt til legetenesta i Bømlo kommune.

### **Liaison**

Sambandsledd, t.d. mellom beredskapsleiinga i eiga organisasjon og beredskapsleiinga i anna organisasjon. Liaisonen er fysisk til stades og har som hovudoppgåve å bidra til samordning og felles situasjonsbilete.

### **LRS - Lokal redningsentral**

Leiings- og koordineringsapparat som vert etablert i politidistriktet i samband med ein redningsaksjon. Lokale LRS er underordna HRS.

### Medisinsk leiar helse (MLH)

Medisinsk leiar helse (MLH) er alltid ein lege, og legen er øvste medisinske leiar og innsatsleiar helse (ILH) sin medisinsk-faglege rådgjevar. MLH har som hovudoppgåve å leia arbeidet med akuttmedisinske vurderingar, prioriteringar og behandling av pasientar.

### Operasjonsleiar politiet

*«Operasjonslederen har ordremyndighet over politiets innsatsstyrker. Operasjonslederen har ordremyndighet over politiets innsatsstyrker. Operasjonslederen vil i samråd med vakthavende redningsleder ved HRS avgjøre om den aktuelle hendelsen er å anse som et redningstilfelle. Når HRS varsles, vurderer og avtaler man videre koordinering og avklarer behov for ressurser. Operasjonslederen vurderer i samarbeid med innsatslederen hvilken aksjonsplan som skal benyttes, og varsler eventuelt politimesteren for å vurdere om stab skal settes. Når politimesteren etablerer stab, beholder operasjonslederen sitt ansvar for kommunikasjon og koordinering med innsatslederen. Operasjonslederen har ordremyndighet over innsatslederen.»*

(Frå PBS 1 (Politiets beredskapssystem 1))

### Plan for helse- og sosial beredskap

Ei samling av førebudde beredskapstiltak som verksemda kan setja i verk raskt i ein katastrofe/- krisesituasjon. Målet med planen er å komma over i ein arbeidssituasjon som helse- og sosialtenesta er vane med å handtera.

### Prehospitale tenester

Dei prehospitale tenestene består av fastlege, legevakt, pleie- og omsorgsteneste i kommunen, nødmeldeteneeste (AMK- og legevaktsentral), bil-, båt- og luftambulanseteneste

(Meld. St. 16 (2010 – 2011) Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011–2015))

### Psykososialt kriseteam

Bømlo kommune har eit psykososialt kriseteam bestående av personar med relevant kompetanse for å vera til hjelp i kriser. Psykososialt kriseteam vert aktivert av legevakt, politiet eller kommunal kriseleiiing (KKL) / rådmann.

### Ulykkeseigar

*«En arbeidsgiver som rammes direkte av en uønsket hendelse. Det er kommunene og potensielle ulykkeseiere som er hovedaktørene i arbeidet med å ta hånd om evakuerte og pårørende.»*

(Definisjon henta frå PBS 1 (Politiets Beredskapssystem))